



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
093/19	Sektorutval for tekniske saker	15.11.2019
179/19	Formannskapet	27.11.2019
175/19	Kommunestyret	19.12.2019

## Renovasjonsgebyr og tilleggsgebyr til renovasjonsgebyret for 2020

### Bakgrunn for saka:

Saka gjeld godkjenning av renovasjonsgebyr og fastsetjing av tilleggsgebyret for 2020.

### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningslova).

### Ikkje vedlagt sakstilfang:

### Vedlegg i saka:

Sak 27-19 Renovasjonsgebyr 2020 satsar

1432255

### Saksopplysningar:

Styret i NoMil har på møte 02.09.2019 handsama gebyrsatsar for renovasjon gjeldande frå 01.01.2020. Gebyrforskrifta for 2020 er ei vidareføring av gebyrforskrifta for 2019, men med tillegg i gebyrsatsane på 3,25%.

Auken skuldast ordinær prisstigning og kostnader knytt til oppgradering og investering knytt til ordinær drift.

Styret vedtek betalingsordning for levering av avfall til gjenbruksstasjonane som eiga sak. Denne betalingsordninga er ikkje omfatta av denne gebyrforskrifta.

### Vurdering:

Styret i Nomil innstiller overfor kommunane å vedta framlegg til gebyrforskrift for 2020 med ein auke på 3,25%. For eit vanleg standardabonnement vil auken utgjere kr. 126,- inkl. mva.

I budsjettet for 2020 er utgiftene på «etterbruk» på Åsane grovavfallsplass sett til kr. 56.600,-, herav 41.200,- i kapitalutgifter og resten er utgifter til prøvetaking og analyse. Dette er utgifter ein ikkje får dekkja inn gjennom renovasjonsgebyret, men som må dekkast inn som eit tilleggsgebyr av alle abonnentar som har leveringsadresse i Stryn kommune.

Driftsfondet på renovasjon viser eit overskot på kr. 23.791,53 pr. 31.12.2018. Ein treng såleis ikkje

auke tilleggsgebyret for 2020. Ein vil tilrå at tilleggsgebyret blir ståande uendra frå 2019 til 2020 med kr. 20,- pr. abonnent.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med atterhald om innkomne merknader etter offentleg utlegging, godkjenner Stryn kommunestyre framlegg til gebyrforskrift for Nordfjord Miljøverk for 2020.

Stryn kommunestyre godkjenner eit årleg tilleggsgebyr til renovasjonsgebyret for 2020 på kr. 20,- pr. abonnent for alle som har leveringsadresse Stryn. Tilleggsgebyret skal dekke dei faktiske utgiftene knytt til avskrivning og kalkulatoriske renter av statusverdien for Åsane grovavfallsplass, og til prøvetaking og analyser i samband med etterbrukskravet for avfallsplassen.

**Sektorutval for tekniske saker 15.11.2019:**

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

**TS- 093/19 Vedtak:**

Med atterhald om innkomne merknader etter offentleg utlegging, godkjenner Stryn kommunestyre framlegg til gebyrforskrift for Nordfjord Miljøverk for 2020.

Stryn kommunestyre godkjenner eit årleg tilleggsgebyr til renovasjonsgebyret for 2020 på kr. 20,- pr. abonnent for alle som har leveringsadresse Stryn. Tilleggsgebyret skal dekke dei faktiske utgiftene knytt til avskrivning og kalkulatoriske renter av statusverdien for Åsane grovavfallsplass, og til prøvetaking og analyser i samband med etterbrukskravet for avfallsplassen.

**Formannskapet 27.11.2019:**

**Handsaming:**

Sektorutvalet for tekniske saker sitt framlegg samrøystes tilrådd.

**FO- 179/19 Vedtak:**

Med atterhald om innkomne merknader etter offentleg utlegging, godkjenner Stryn kommunestyre framlegg til gebyrforskrift for Nordfjord Miljøverk for 2020.

Stryn kommunestyre godkjenner eit årleg tilleggsgebyr til renovasjonsgebyret for 2020 på kr. 20,- pr. abonnent for alle som har leveringsadresse Stryn. Tilleggsgebyret skal dekke dei faktiske utgiftene knytt til avskrivning og kalkulatoriske renter av statusverdien for Åsane grovavfallsplass, og til prøvetaking og analyser i samband med etterbrukskravet for avfallsplassen.

## **Kommunestyret 19.12.2019:**

### **Handsaming:**

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

### **KS- 175/19 Vedtak:**

Med atterhald om innkomne merknader etter offentlig utlegging, godkjenner Stryn kommunestyre framlegg til gebyrforskrift for Nordfjord Miljøverk for 2020.

Stryn kommunestyre godkjenner eit årleg tilleggsgebyr til renovasjonsgebyret for 2020 på kr. 20,- pr. abonnent for alle som har leveringsadresse Stryn. Tilleggsgebyret skal dekke dei faktiske utgiftene knytt til avskrivning og kalkulatoriske renter av statusverdien for Åsane grovavfallsplass, og til prøvetaking og analyser i samband med etterbrukskravet for avfallsplassen.